

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**  
**nr. 161/2003**

**av 7. november 2003**

**om endring av vedlegg XXI til EØS-avtala (Statistikk)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg XXI til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 136/2003 av 26. september 2003<sup>(1)</sup>.
- 2) Kommisjonsforordning (EF) nr. 68/2003 av 16. januar 2003 om bruken av informasjon frå andre kjelder enn statistiske granskingar, og om fristane for oversending av resultatane av granskingane av strukturen til driftseiningar i landbruket i 2003<sup>(2)</sup>, skal takast inn i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I vedlegg XXI etter nr. 24a (rådsforordning (EF) nr. 959/93) i avtala skal nytt nr. 24b lyde:

”24b. **32003 R 0068:** Kommisjonsforordning (EF) nr. 68/2003 av 16. januar 2003 om bruken av informasjon frå andre kjelder enn statistiske granskingar og fristane for oversending av resultatane av granskingane av strukturen til driftseiningar i landbruket i 2003 (TEF L 12 av 17.1.2003, s. 5).

For føremåla med denne avtala skal føresegnene i forordninga gjelde med følgjande tilpassing:

a) Til slutt i vedlegg I vert følgjande lagt til:

”Island: Forvaltningsregistre for identifisering og registrering av dyr og bruk av landbruksareal.

Register for produksjonstilskudd.

---

<sup>(1)</sup> TEU L 331 av 18.12.2003, s. 74, og EØS-tillegget til TEU nr. 64 av 18.12.2003, s. 41.

<sup>(2)</sup> TEF L 12 av 17.1.2003, s. 5.

Liechtenstein: Ingen.

Norge: Bruk av statlige tilskudd.

System for identifisering av storfe.”

b) Til slutt i vedlegg I vert følgjande lagt til:

”

Island	Desember 2003 til januar 2004	31.9.2004
Liechtenstein	April 2003	31.12.2004
Norge	Juni 2003	31.12.2004

”””

#### *Artikkel 2*

Teksta til forordning (EF) nr. 68/2003 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

#### *Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 8. november 2003, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala<sup>(\*)</sup>.

#### *Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utfjerda i Brussel, 7. november 2003.

*For EØS-komiteen  
Formann*

*Prins Nikolaus von Liechtenstein*

*Sekretærar for EØS-komiteen*

*Ø. Hovdkinn                      M. Brinkmann*

---

<sup>(\*)</sup> Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.